



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato
02.05.2016
Dykkar dato
15.03.2016

Vår referanse
2015/14016 730
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Svar på søknad om tilskot i 2016 til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene – kap 765 post 60

Fylkesmannen viser til søknad av 15. mars 2016 om tilskot til ein 100 % stilling som psykolog i kommunen.

Lindås kommune har fått tilskot til psykolog i seks år frå tilskotsordninga Psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenesta over kap 765 post 60.

Lindås kommune får overført kr 58 000 i ubrukt tilskot frå tidlegare år, men får ikkje ny tildeling av tilskot til psykologstilling i 2016.

Avgjerda om tildeling er ikkje eit enkeltvedtak. Det er ikkje høve til å klage på vedtaket eller vilkåra for tildeling.

Vilkår for tilskot

Tilskotet skal nyttast i samsvar med budsjett og tiltak som er skildra i søknaden, regleverk for ordninga og krava i dette brevet.

- Tilskotet skal nyttast til å dekke delar av utgifter til lønn i inneverande budsjettår (12 månader, [jf. berekningsreglar i punkt 7 i rettleiinga til regelverket](#)). Det er ein føresetnad at kommunen bidreg med eigenfinansiering til lønnsutgifter som overstig tilskotbeløpet per budsjettår.

Rapportering

Frist for rapportering er 1. februar neste år. Helsedirektoratet skal lage nytt rapporterings-system for ordninga. Kommunen vil i god tid innan rapporteringsfristen i 2017 motta informasjon om det nye rapporteringssystemet. Kommunen skal ikkje levere revisorattestert rekneskap for bruk av tilskotet. Økonomiansvarleg i kommunen eller ein anna med same mynde, skal kontrollere og godkjenne at tilskotet er nytta i samsvar med vilkåra i tilskotsbrevet. Denne godkjenninga skal følgje med rapportering til Fylkesmannen.

Rapporteringa skal mellom anna innehalde:

Omtale av korleis og i kva grad måla for tilskotet er nådd. Kriteria for måloppnåing er:

- kva målgruppe(r) arbeider psykologen inn mot?
- Kor stor del av oppgåvene/stillinga går til:

- system- og samfunnsretta arbeid
- rettleiing/fagstøtte til tilsette/tenester i kommunen
- helsefremjande og førebyggjande arbeid
- utreiing, diagnostisering og behandling/oppfølging
- kva type forpliktande tverrfagleg samarbeid og/eller fleirfagleg fellesskap inngår psykologen i?
- korleis vert brukarmedverknad på individ- og systemnivå ivaretake i tiltaket, [sjå punkt 3 i regelverket for ordninga](#)
- tidspunkt for tilsetjing og stillingsprosent for psykologstillinga(ane)

Kontroll og dokumentasjon

Rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysingar som ligg til grunn for søknaden eller utrekninga av tilskotsbeløp, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet kommunen fekk meldinga om tilskot.

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Mona Fauskanger
førstekonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

1. Regelverk for tilskot psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.
Rekrutteringstilskot.

Kopi til:

Lindås kommune v/Reidun Sæbdal Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ